

Referat frå 2. samling i Nettverk for tenester for funksjonshemma i Nordhordland

Møtedato: 19. september 2017

Stad: Knarvik, Kvassnesvegen 16

Desse møtte: Nina Tilfjord, Bernt Fjordheim, Merethe Mjelstad, Hege Bergsvik Sætre, Rakel Steffensen, Mona Hatlem og Jørgen Bleikli. Geir Johannessen var forhindra frå å møte.

Sak 1/19.09.17 Gjennomgang av innkalling og referat frå førre møte. Val av referent frå møtet.

Gruppa gjekk gjennom møtereferatet frå møtet 23.05.2017, og gjorde nokre tilføyinger. Nytt/endeleg referat frå møtet vil kome ut med dei endringar som møtet gjorde.
Referent blei valt, det var ingen merknader til innkallinga.

Sak 2/19.09.17 Namn på nettverket

Møtedeltakarane diskuterte kva namn vi skulle ha på nettverket og kom etter kvart fram til dette forslaget: Nettverk for tenester til menneske med nedsatt funksjonsevne i Nordhordland.

Sak 3/19.09.17 **Mandat**

Endeleg formulering for vidaresending til kommunalsjefgruppa

Mandat :

1. Med mandat meiner ein her eit oppdrag med å samle leiarar for kommunale tenester til menneske med nedsett funksjonsevne i eit nettverk. Med i nettverket er kommunane i regionen Nordhordland.
2. Bakgrunn for dette oppdraget er at ein ser behov for, gjennom nettverk, å finne og få fram gode løysingar på felles utfordringar. Kommunane har ikkje noko faste møtepunkt for leiarane og ved å få dette nettverket på plass kan ein lette arbeidet og utvikle tenestene saman.
3. Mål for arbeidet er å finne fram til gode løysingar og utvikle tenestene gjennom ideutveksling og gode drøftingar leiarar i mellom. Døme på utfordringar kan vere rekruttering av arbeidskraft med rett kompetanse, utvikling av avlastningstilboda, fagleg og organisatorisk utvikling av

tenestene, betre butiltak og dagtilbod.

4. Rapportering og plikter går ut på at nettverket har jamnlege møte minst to gongar i året og at referat frå desse møta blir tilgjengelege for fagsjefar og tilsette ved dei ulike tenestene.
-

Sak 4/19.09.17 Eventuell uttale til arbeidsgruppe vedkomande lovendring

Geir Johannesen har kome med forslag til tekst/uttale til arbeidsgruppe som jobbar med endring av lover og reglar som regulerer bruk av tvang og makt overfor personar med utviklingshemming. Ein er redd for at lovverket for denne gruppa kan bli svekka og at dette også vil svekke rettstryggleiken til gruppa.

Sak 5/19.09.17 RUNDEN, der ein representant frå kvar kommune orienterer om utfordringar og arbeidsoppgåver som pregar kvardagen hjå den einskilde kommune.

Lindås; jobbar for tida med innsparing og nye tiltak. Også nye tomteareal har vorte jobba med.

Radøy; har press på avlastningstilboden, nye brukarar med behov for tenester.

Osterøy; kjenner på stramme rammer, jobbar med planlegging av nye bustader, sprengt kapasitet ved avlastningstilboden

Austrheim; har nettopp hatt tilsyn frå Fylkesmannen, utan merknader eller avvik. Endring og nedbemanning grunna endra behov for tenester, spent på budsjettetthandsaminga.

Meland; utfordrande å rekruttere fagfolk, omlegging av turnusplanar for dei tilsette.

Masfjorden; pressa på avlastningstilboden, fornøgd med at det er svært lite sjukefråvær i arbeidsstokken. Behov for fagleg utvikling, motiverte arbeidstakrarar.

Sak 6/19.09.17 Korleis beskrive tenestene som vi representerer på ein sams måte

Tenestene yter helse og omsorgstenester til personar med varige og omfattande hjelpebehov, der hovudgruppa er personar med

utviklingshemming. Tenestene organiserer butilbod/ hjelp i heimen, dagtilbod, avlastingstilbod og samordning ved behov for dette.

Neste møte blir 28. november. Aktuelle saker er; bustadløysingar kommunale eller private løysingar, sakshandsaming tvang, felles kurs opplæring? Stake ut kurset vidare.

Referent

Jørgen Bleikli